



Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Øygardsbåtane AS
Geitanger
5360 KOLLTVEIT
Mob: 908 95 316
www.vestgar.no
post@vestgar.no
Giro: 5083 05 65792
Org.nr.: 991 417 788 MVA

Geitanger, den 24.11.2014

Dykkar ref. 2014/430-36

M/S VESTGAR – Tilskot til fartøyvern 2014
SØKNAD OM OMDISPONERING AV MIDLAR

Hordaland Fylkeskommune

26 NOV 2014

Visar til Dykkar tilsagnbrev datert 27. mai d.å.

I Dykkar tilsagnbrev går det fram at M/S Vestgar får i 2014 kr. 50.000 i tilskot. I vårt søknadsbrev datert 28.11.13, går det fram at ei eventuell støtte skulle brukast til istandsetjing av båtdekket som var i dårleg forfatning.

No visar det seg at dette arbeidet ikkje kjem i gong i år. Vi har derfor ståande kr. 50.000 «på konto» hjå fylket.

No i haust har vi vore så heldig å fått sikra oss ein del reservedelar til maskinrommet til Vestgar. Det var gamle HSD ferja Rosendal som blei hogga i Danmark, og i samarbeid med Riksantikvaren sikra vi oss hovedmotoren og to hjelpemotorar, samt ein luftkompressor og den elektriske tavla frå dette fartøyet. Dette er kjærkomne delar, som det i dag visar seg svært vanskeleg å få fatt i. Dette står no lagra hjå Dåfjorden Slipp på Fitjar.

Vi har til no fått kr. 50.000 i ekstra tilskot til dette formålet hjå Riksantikvaren. Då vi også har noko midlar til gode hjå han, er han også villig til å omdisponera noko av dette, slik at vi fekk kjøpet i hamn.

Vi søkjar herved om fylket kan omdisponera kr. 25.000 av tilskotet som er gitt for 2014, og då øyremarka dette med sikring og innkjøp av reservedelar til M/S Vestgar. Dersom positivt svar frå fylke, vil vi då i ettertid søkja Riksantikvaren om omdisponering av restbeløpet.

Visar elles til vedlagte dokumentasjon.

Håper på snarleg og positivt tilbakemelding

Ved positiv tilbakemelding, ønskes tilskuddet utbetalt til vår konto 5083 05 65792

Med venleg helsing

Einar Geitanger